

Vedlegg: Innspel

	Innspel	Vurdering
1.	Styrane i privat og kommunal barnehage Ønskjer å flytte dei to planleggingsdagar i haustferien til 26.08.2016 og 02.01.2017	Tatt til følgje.
2.	Personalet i Meland kulturskule Glade for at skulestart vert på ein torsdag og håpar det heldt seg slik.	Tatt til følgje.
3.	SFO på Vestbygd skule Forslag til endringar i tekst slik at den vart meir tydeleg.	Tatt til følgje
4.	Blåkklokka barnehage - tillitsvald Av erfaring treng me som jobber i barnehage planleggingsdag i august og i januar. Dette er noko som har vert praktisert i dei tidlige årene og som vi har stor nytte av. Pga planlegging for halvåret som kjem og vurdering for halvåret som har gått, ønsker me sværet gjerne å ha ein dag i august og ein i januar, istedefor to dager i haustferien.	Tatt til følgje
5	Blåkklokka barnehage Vi i Blåkklokka barnehage er ikkje samde i forslaget for neste års skulerute slik det ligg føre. Vi har behov for ein planleggingsdag i august og ein rett etter nyttår. Dette for å sikre at barna og dei voksne sin medverknad vert varetatt. Det vert ikkje rett å sitte på møte i oktober å planlegge kva vi skal gjere, og bestemme kva barna skal interessere seg for eit godt halvår fram i tid. For å få ein god kontinuitet i planar og ein god samanheng mellom planar og virkelighet, treng vi planleggingsdagar i august og januar	Tatt til følgje